

STATUSRAPPORT



15.12.2014

NRK Nynorsk mediesenter

Søkjartalet vårt auka mykje i 2014, trass i dystre utsikter til arbeid i media. Over femti søkjarar i april og førti i oktober. Det er mest på line med starten for 10 år sidan, den tid «alle» skulle bli journalistar.

100 nynorskpraktikantar har gått eit halvår på NRK Nynorsk mediesenter, og per dags dato har 60 prosent av dei arbeid i media. Dei fleste er i NRK. Vi er spente på framtida.

Prioriteten må bli klarare

Heilt sidan tilsettingsstoppen i 2008 har NRK hatt vedtak om at praktikantane frå NRK FleRe og Nynorsk mediesenter skal reknast som interne søkjarar i tre år etter avslutta program. Dei kan søkje og få både faste stillingar og vikariat, fordi dette er strategiske rekrutteringstiltak, for å få fleire nynorskbrukande og fleirkulturelle journalistar i NRK.



Magni Øvrebotten (Foto/NRK)

- Eg påstår ikkje at ordninga ikkje har fungert, men reglane gjev for mykje rom for tolkingar og dei er vanskelege å finne i personalsystemet for dei som leitar. Reglane vert skrivne om, og det rår stor forvirring om kva reglar som gjeld til ei kvar tid. Slik kan vi ikkje ha det, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

No har personalsjef Rune Johansen i NRK lova ein gjennomgang av formuleringane, i samråd med leiarane for NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter, og at gjeldande reglar skal vere lette å finne i personalsystemet. - I both må det alltid ligge at kandidatane våre må vere dyktige for å få både faste stillingar, vikariat og tilkalling. Dei som ikkje er det kan vi sjølv sagt ikkje satse på. Men vi kastar dei dyktige blår i augo når vi lovar dei prioritet i tre år og hiv dei ut lenge før, eller rett før dei har vore her i tre år, i frykt for at vi må tilsette dei.. Er det ikkje nettopp for å skaffe oss dyktige folk å tilsette at vi driv med FleRe og Nynorsk mediesenter? spør Øvrebotten.

Ho skjønar at det er ei utfordring å ha rekrutteringstiltak som skal ha prioritet samstundes med at NRK skal ha færre tilsette. - Men det fløymer ikkje nett over at nynorskbrukarar og fleirkulturelle i NRK. Med meir medvit kring kvifor NRK driv med desse rekrutteringstiltaka, og samarbeid over redaksjonsgrensene, kan vi ta betre vare på, og utvikle, dei talenta vi får tak i. Det ansvaret kviler på heile NRK, meiner Øvrebotten.

Kull 21 reiser med klump i magen

Fredag 19. desember forlet kull 21 Førde og redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Dei skal vidare til ekstern praksis i NRK Troms, NRK Sogn og Fjordane, NRK Rogaland, NRK Dagsnytt og nettredaksjonen til NRK P3.



Elias Engevik (1995):

- Desse fire månadane har vore eit lite eventyr for meg, der eg har opplevd så utruleg mykje. Eg har lært og gjort ting eg, for kort tid tilbake, berre drøymde om å få gjere. Kvar dag lærer vi å gjere dei same praktiske oppgåvene ein journalist utfører. Det har vore veldig kjekt, utfordrande og vanskeleg, men aller mest lærerikt og morosamt. Opplevinga av å få høyre og sjå det ein sjølv lager på TV og radio er fantastisk, og gir meg lyst til å fortsette denne vegen resten av livet. Etter nyttår skal eg ha praksisen min i NRK Sogn og Fjordane. Eg er klar for å lære meir, og for å bidra så godt eg kan i redaksjonen.

Tor-Erik Humlen (1988):

- Eg har lært mykje meir om journalistikk på desse fire månedane hos Nynorsk mediesenter enn eg trudde var mogleg. Det har verkeleg vore utfordrande å lære så mykje på så kort tid. Likevel trur eg at eg har lært det godt. Det har vore utfordrande, men utruleg effektivt. Eg lærer journalistikk så mykje betre når eg "lærer ved å gjere det". No gleder eg meg til å ta med alt eg har lært vidare i praksisen min hos P3-nett til nyttår.

Ine Eftestøl (1984):

- Nå er tida i Sogn og Fjordane snart slutt, og den tanken gjev ein liten klump i magen. Desse fire månadane har vore fantastisk lærerike, morosame, intense og ugløymelege. Eg har blitt veldig glad i både redaksjon, praktikantar, lærarar, og fantastisk vakker natur. Men, nå er det på tide med miljøskifte, og frå januar av er det praksis i NRK Rogaland. Dette gler eg meg veldig til. Kva som skjer etter dei to siste månadane i praksis er det berre fuglane som veit, men det vert spennande å sjå.

Hibba Sarmadawy (1987):

- Tilværet som praktikant har vore svært gjevande på mange måtar. Utanom det mediesenteret har lært meg om radio-, tv- og nettproduksjon, så er det fantastisk å få møta nye menneske, og bli kjend med nye tema nesten kvar einaste dag. Aldri før har eg lært så mykje, på så kort tid.

Sigrid Agnete Hansen (1989):

- Eg har hatt ei utruleg fin tid på Nynorsk mediesenter i Førde, og det er det fleire grunnar til. For det fyste har eg lært veldig mykje, både praktisk, teoretisk og om kvardagen som journalist. Så har eg fått sjansen til å gjere utruleg mykje forskjellig:

Eg har laga reportasjar om teater, om gruvedrift og om Sogndal IL og fotballkjærleik, for å nemne noko. Og så har det vore heilt fantastisk å få vere ein del av ein redaksjon kor alle har tatt godt i mot meg! No har eg ikkje lyst til å dra herifrå – kanskje eg må vere nynorskpraktikant neste år igjen?

Kull 22 – ein halling, ein setesdøl og tre vestlendingar

Frå venstre: Steinar Daltveit, Gunnhild Årdal, Bård Holmen Solvik, Signe Fuglesteg Luksengard og Olav Åsen Haugsgjerd.

På kull 22 har det kome inn ein halling, ein setesdøl, ein stril og to sunnfjordingar. Tre menn og to kvinner i alderen 24 til 29. – Vi er glade for å få med nynorskbrukarar frå Hallingdal og Setesdal. Derifrå er det få nynorskbrukarar i media, og den språklege sjølvkjensla treng slike føredøme, seier Magni Øvrebotten.

Det var 40 søkjarar til dette kullet og tolv vart kalla inn til intervju, språk- og studiotest. Dette er dei fem som startar på opplæringa 5. januar 2015:

Steinar Daltveit (1989), frå Valestrandsfossen i Osterøy kommune, Hordaland. Han er i ferd med å gjere ferdig ein Master i Industriell Økonomi og Teknologileiing/sivilingeniør ved NTNU i Trondheim. Han skriv masteroppgåve om korleis utanlandske dotterselskap av multinasjonale selskap i underhaldningsbransjen oppnår suksess.

Gunnhild Årdal (1987), frå Florø i Sogn og Fjordane. Informasjonskonsulent i AidCom AS, som overvakar nyhende i heile verda og sender ut varsel til folk som er på reise, om alt frå jordskjelv til politiske demonstrasjonar. Har også vore nyhendeovervakar i Yomando AS, som overvakar nyhende i Norge for ulike norske bedrifter og departement. Gunnhild Årdal har Master i statsvitskap frå UiO.


Bård Holmen Solvik (1985), frå Førde i Sogn og Fjordane. Har Bachelor i statsvitskap ved UiO og ein i afrikanske og asiatiske studiar ved UiO/Damaskus/International Language Institute i Kairo. Han er i ferd med å fullføre ein Master i Freds- og konfliktstudiar frå UiO. Solvik har arbeidd som konsulent ved Institutt for forsvarsstudiar.

Signe Fuglesteg Luksengard (1990), frå Level i Ål kommune, i Hallingdal. Ho arbeider som frilansfotograf i Trondheim, der ho i vår var ferdig med eit toårig studie i fagfoto ved Norsk Fotofagskole. Har eit års studium i fransk med kunsthistorie, i Gateway College, Paris. Luksengard har vore frilansar for lokalavisa Hallingdølen, både som journalist og fotograf sidan 2011. I fjor sommar hadde ho sommarjobb i avisa

Olav Åsen Haugsgjerd (1988), frå Grendi i Bygland kommune, Setesdal. Arbeidande odelsgut på Åsen gard, der dei driv med sau og forvaltning av kulturlandskap. Har studert journalistikk i to år ved Norges kreative fagskole i Bergen, historie og geografi ved UIB og kristendom, etikk og religion ved Norsk Lærerakademi i Bergen. Har også gått idrettslina ved Hardanger folkehøgskule.

Nye faste jobbar

Svein Ove Hansli (1976) er tilsett som redaksjonssjef for Økonomisk- og politisk avdeling (Økopol) i nyhendedivisjonen i NRK. Han gjekk på det fyrste kullet med nynorskpraktikantar i 2004/05, og arbeidde i NRK Sogn og Fjordane og Dagsnytt før han kom til Dagsrevyen som journalist. Der har han vore vaksjef dei fem siste åra.



Siri Kleiven Strøm (1987) har TV 2 «handplukka» til nyhendeanker og reporter i TV 2 Nyhetskanalen. Ho byrjar der etter nyttår og kjem frå ein tilsvarande jobb i Vestlandsrevyen og Norge i dag. Ho gjekk på kull 10 med nynorskpraktikantar, i 2009, og har arbeidd i NRK Sogn og Fjordane og NRK Hordaland etterpå.



Jonas Sætre (1986) har fått fast jobb som møtesekretær i Stord kommune. Jobben går ut på å administrere og referere frå alle dei politiske møta i kommunen. Han prioriterte fast jobb etter fleire år som vikar og tilkallingsvikar i NRK. no, Aftenposten, Dagbladet og Bergens Tidende. Sætre gjekk på kull 14 med nynorskpraktikantar, i 2011.

Inger Johanne Ruset (1985) er fast tilsett som dagleg leiar på Ingebrigt Davik-huset på Sunnmøre. Det inneber at ho er sjef for kino- og kulturhuset i Brattvåg, Ruset gjekk på kull 18 med nynorskpraktikantar, i 2013, og arbeidde som vikar/tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal etterpå.

Knut Åge Teigen (1970) er tilsett som oppvekstsjef i Luster kommune i Sogn. Han kom frå stillinga som prosjektleiar i produksjonsselskapet Snøball. Teigen gjekk på det fyrste kullet med nynorskpraktikantar, i 2004/05.

Nynorskpraktikantane skal ha prioritet til stillingar

Som nemnt innleiingsvis i denne statusrapporten rår det ein del forvirring kring kva formulering som gjeld vedkomande tilsetting av tidlegare nynorskpraktikantar og stipendiatar frå NRK fleire. Det er bestemt at NRK skal gå gjennom reglane og gjere dei meir kjende og tilgjengelege.

Personalsjef Rune Johansen i NRK seier at formuleringa i **retningslinene for bemanningskontroll, frå 1.10.2013**, gjeld til noko anna er bestemt:

“NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn.

Søkere fra FleRE-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søkere i tre år etter gjennomført program, og de skal gis prioritet til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for. Det same gjelder for praktikantordningen i NRK Sàpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige».

Kommentarer og utdyping:

Dette innebærer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som mål å øke andelen nynorskbrukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. Søkere fra våre strategiske tiltak har følgende muligheter:

- *De kan søke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.*
- *Eksterne ansettelser i faste stillinger må godkjennes i direktørmøtet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRE, da disse regnes som interne.*
- *Kvalifiserte flerkulturelle søkere (og alle kvalifiserte søkere for øvrig i NRK) skal alltid tas inn til intervju (NRKs mangfoldstrategi fra 2011).*

NB: Dei seks månadane som nynorskpraktikant skal ikkje reknast med i tenestetida. Den vert rekna frå 1. mars eller 1. juli, alt etter når praktikanten var ferdig med halvåret som nynorskpraktikant.

Vi prøver å ha den rette formuleringa på nettsida vår, www.nynorskmediesenter.no under stikkordet «Praktikantkurset», til hjelp for både leiarar og praktikantar, som lurar på kva «regel» som gjeld. Diverre er den tidvis endra utan at vi veit om det, men den som ligg der no gjeld.

Nynorsk avissenter på statsbudsjettet



Nynorsk Avissenter og NRK Nynorsk mediesenter på Aasentunet i Ørsta, november 2014.

Nynorsk avissenter i Firda måtte ha ei løyving på statsbudsjettet for å drive vidare i 2015. Tiltaket var ikkje med i regjeringa sitt framlegg til budsjett, men Venstre sette det på lista over tiltak dei ville kjempe for, og saman ned KrF fekk dei gjennom ei løyving på 2,2 millionar kroner. Firda Media og eigaren Amedia går inn med 600.000 kroner i drifta.

Avissenteret driv opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett og avis, og har vore i drift sidan hausten 2013, med fire nynorskpraktikantar i slengen.

Det var Amedia, avisa Firda, Vinjefondet, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Innovasjon Norge og Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane som finansierte dei tre fyrste kulla.

I januar 2015 skal Nynorsk avissenter organiserast som ei stifting, med Firda Media, Mediebedriftenes Landsforeining (MBL) og Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar som stiftarar. Det fjerde kullet er tilsett og byrjar 5. januar 2015.



- Vi er glade for at Nynorsk avissenter held fram med opplæringa av nynorskbrukande journalistar for avis og nett. Med totalt ni nynorskpraktikantar i Førde vert det eit større miljø for læring og utvikling av tiltaka. Vi samarbeider med dei om opptak og gjesteførelesarar, og gjennom oss kjem redaksjonane i Firda og NRK Sogn og Fjordane også meir i kontakt. Nynorsk mediesenter er modell for Nynorsk avissenter, og vi søker råd hjå kvarandre når det trengst, seier Magni Øvrebotten.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 12.12.2014 har vi sendt frå oss 100 nynorskpraktikantar og 60 % av dei arbeider heil - eller deltid i media. I september var det 67 %, i sommar arbeidde 72 % av dei i media.

53 av dei 100 arbeider i NRK. Totalt har 38 fått fast arbeid i media, 33 av dei er i NRK. Der har vi tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram og på nettet. Til dømes i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Kulturnytt, NRK. no, Nitimen, NRK P3 og ved distriktskontora i Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Det er også folk herifrå i avisene Drammens Tidende, Telemarksavisa, Møre-Nytt og på nettet i Dagens Næringsliv, og i produksjonsselskapet Monster.

Ni arbeider som informasjonsfolk og rådgjevarar: Språkrådet, Forbrukarombodet, Norges Bondelag, Skatt Vest, Røde Kors, Gardermoen, Norske Kunstforeninger, Changemaker og i Barne- og likestillingsdepartementet.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei arbeider, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 20: 3. januar – 30. juni 2014



Frå venstre: **Oddbjørn Myklebust Opsal** (1988) tilkallingsvikar i NRK P2. **Liv Ragnhild Holdhus Sjursen** (1984), er tilkallingsvikar i fakta og fordjuping i Mediehuset NRK Trøndelag.. **Guro Kvalnes** (1991) er masterstudent i litteraturformidling ved UiO og tilkallingsvikar i Kulturnytt. **Silje Steinnes Bjerknes** (1988) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal og **Halvor Farsund Storvik** (1981) er tilkallingsvikar i NRK Sogn og Fjordane. Med dette kullet passerte vi 100 nynorskpraktikantar.

Kull 19: 19. august 2013 – 28. februar 2014



Frå venstre: **Eirik Hildal** (1985), vikar i NRK Sogn og Fjordane, **Britt Kristin Ese** (1985), vikar i NRK Hordaland, **Idun Fivelstad** (1987), har foreldrepermisjon, **Tale Hauso** (1991), er vikar i NRK Hordaland og **Lars Ivar Nordal** (1986), er vaksjefvikar i Kulturnytt i NRK P2.

Kull 18: 3. januar til 30. juni 2013

Vegar Tjørhom (1987) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks, **Adalheidur Oldeide** (1988) er vikar i NRK Hordaland, **Inger Johanne Ruset** (1985), er fast tilsett som dagleg leiar for kino- og kulturhuset i Brattvåg på Sunnmøre. **Hanne Våge** (1992) studerer spansk ved NTNU og er tilkallingsvikar på Tyholt, mest i NRK P3., **Trond Espen Bjøland** (1993) studerer historie ved Universitetet i Bergen.

Kull 17: 20. august 2012 til 28. februar 2013

Kjersti Hetland (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland. **Marte Halsør** (1988) er vikar i NRK Dagsnytt. **Tale Høyem** (1990) studerer juss i Bergen, **Jon Bolstad** (1987) er vikar i NRK Hordaland og **Stine Kyrkjebø Johansen** (1990) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane.

Kull 16: 3. januar til 30. juni 2012



Hans-Olav Rise (1991) er mediestudent ved Høgskulen i Oslo og tilkallingsvikar i NTB, **Ingunn Rauk** (1983) er fast tilsett i Marienlystdivisjonen i NRK, **Raymond Lidal** (1986) er frilansar og masterstudent (arabisk) i Jemen. **Katrine Nybø** (1986) er fast tilsett i NRK Dagsnytt og **Wilhelm Støylen** (1980) er skodespelar ved Teateret Vårt i Molde.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er opphavleg modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRE – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013 og kom hausten 2014 inn på statsbudsjettet. Samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Ivar Myklebust Longvastøl.